

Tøys og moro med heks og trubadur

Kongar og hekser er ikkje ukjende i Seimsbygda, men maken til dei som held til hjå Tone og Geir Solerød, skal du leita lenge etter.



Av Anne-Lise Nordpoll
anne-lise@strilen.no

– Me gjer det andre folk drøymmer om å gjera. Kven har ikkje site på eit møte og kjeda seg og fått lyst til å hoppa opp å gjera noko heilt vilt. Me gjer det, seier Tone Solerød.

Barnsleg galskap

Svingar du forbi kyrkja i bygda og set kursen mot Neset, kjører du forbi eit hus der det herskar barnsleg galskap.

Her har ein skodespelar frå Stavanger og ein musikar og skodespelar frå Toten funne landleg idyll.

Mellom påskeliljer og grøne bær kan det skje dei merkelegaste ting. Kanskje høyrer du heksehyl, møter ein prins med magisk persille eller ei munn-rapp bergensfrue. Det er aldri godt å vita.

Kosteskaft og syltetøy

I år turnerer Tone og Geir med stykket Kosteskaftkrøll - eit av fleire produkt som er kome ut av teatergruppa Syltetøys.

– Eg tenkte på det her ein dagen. Sidan eg var ni år er det berre to år eg ikkje har vore engasjert i ein eller anna prosjekt, seier Tone.

I 1996 starta ho Syltetøys saman med Kate Elin Lid og Terje Ulvestad Haugen.

– Me studerte i lag. Me var unge og ville og likte å ta ting på sparket, seier Tone.

Ho fortel at dei laga teaterframsyningar for barn der historia vart til undervegs. Dei ønskte ikkje å vera pedagogiske. Det heile skulle berre vera tull og tøys der både dei sjølve og barna fekk ei kjekk oppleving. Slik fekk teatergruppa namnet sitt.

For tida er det Tone og Geir Solerød, Kate Elin Lid og Andreas Holt som utgjør den harde kjernen i gruppa. At to av skodespelarane bur i same hus, har sine fordelar.

Eigen kritikar

Når nye karaktertrekk eller songar skal øvast inn,

ryddar Tone og Geir stova. Då vert det prøve med dottera Maja som kritikar.

Maja er 4 1/2 år gammal og synest det er den naturlegaste ting i verda å ha ein pappa som kler seg ut som prins eller trubadur og ei mamma med spiss nase og kosteskaft. Ho kjem gjerne med innspel undervegs.

– Ein gong avslutta me eit stykke med at prinsen og prinsessa dansa til skotsk musikk, men det hadde ikkje kritikaren sans for, seier Tone

– Då me var ferdige, såg Maja skeptisk på oss, seier Geir

Kritikaren deira meinte det gjorde seg betre med ballett.

Tingar godnattsong

Maja veit å nytta frynsegoda av å ha ein pappa som er musikar. Ho legg gjerne inn bestilling på godnattsong.

– Ho kan seia: Du må laga song om sild, prestekrage og ehh.. ein gaffel. Og gløymmer eg nokon av ingrediensane får eg klar beskjed: Du gløymte gaffelen! seier Geir og ler.

Sin eigen vri

– Når me lagar karakterar, brukar me gjerne ein del av dei stereotypiane som finst, men passar også på å bryta dei litt. Me lagar alltid vår eigen vri på ting. Me har til dømes ein prins som går rundt og ber på ein magisk purreløk og ei prinsesse som heiter vaskepott, seier Tone.

Namnet på karakterane får gjerne dei vaksne i salen til å le, medan borna ikkje skil mellom «Vaskepott» og «Askepott».

– For barna verkar det å vera akkurat det same om ho heiter «aske» eller «vaske», men dei synest det er veldig moro at prinsessa er så opptatt av å vaska, seier dei.

Born som utfordrar

Syltetøys improviserer mindre no enn i startfasen. Men dei er framleis opptatte av responsen frå salen. Dei let borna styra stykket. Om borna i salen ropar noko til hekka på scena, så svarer ho gjerne.

– Når me lager stykka, oppfører me oss som femåringar. Me avbryt kvarandre og prøver å tenkja slik barn gjer. Dei kan plutsleg ropa: «Heks kvifor gjer du det? Kva skal du med den der?» og liknande, seier dei.

Tone speler også for vaksne. Det er først og fremst her ho tøyser grensene.

Rollespel blant publikum

Tone driv med rollespel. Der ho går ut blant publikum og tek på seg ei rolle utan at dei rundt er kjend med det. Då improviserer ein etter korleis publikum reagerer.

– Alle veit at det finst nokre ting du gjer, og andre ting du absolutt ikkje gjer i alle samanhengar, seier Geir.

– Ja, når me driv rollespel, bryt me desse barrierane for god folkeskikk, seier Tone.

Ho byrjar alltid forsiktig med å overdriva enkle ting, og så vert det gradvis villare og villare. Før du veit ordet at det, kan ho hoppa opp på eit bord og synga eller dansa, så dei rundt vert heilt paffe.

Glad i karakterane

– Folk reagerer veldig forskjellig. Det er veldig artig å sjå korleis rollespelet utviklar seg. I starten tenkjer dei berre at du er litt rar, men etterkvart trur eg dei tenkjer dei står ovanfor nokon som er fullstendig gale, seier Tone.

Ho vil ikkje avsløra for mykje om kva dei gjer, i frykt for å øydeleggja moroa. Som skodespelar kan ho nemleg verta leigd inn på julebord eller sosiale aktivitetar, utan at dei som er der, får vita det på førehand. Ho kan dukka opp på ein busstur, eit seminar eller kva som helst, eigentleg.

Våg å prøva

Tone og Geir synest det er kjekt å bu i ei bygd med eit rikt kulturliv. Tone er med i Seim songkor og tek songtimar hjå Kjersti Wiik. Sjølv håpar ho å få i stand kurs i teatersport i bygda. Ho håpar at mange i bygda vil våga å kasta seg ut i det og ha det gøy i lag.

– Til vanleg hender det at eg føler meg litt grå og kjedeleg. Då er det kjekt å kunna gå på scena å ta på seg ei rolle. Kaste seg ut i det og ha det gøy, seier Tone.

Heks på joggetur?

Det er ikkje fritt for at ho av og til tenkjer at dette hadde vore lettare å gjera dersom ho til dømes spelte den og den rolla.

– Eg liker for eksempel ikkje å jogga. Å springa langs vegen er noko eg som ikkje føler passer meg. Som Tone vil eg heller sitte heime i sofaen og slappa av. Men i rolla som heks kunne eg godt gjort det. Då tenkjer eg heilt annleis. Då er eg liksom ikkje Tone lenger, men ein annan person, seier Tone.

Førebels har ho ikkje prøvd om dette fungerer i praksis, men om du skulle sjå ei heks som joggar langs vegen på Seim, har det truleg ei naturleg forklaring. I ei bygd der kulturliv og dugnadsanda blømer, kan det meste skje.

LIVLEG PAR: Tone og Geir Solerød spelar skodespel med barnsleg galskap og let gjerne publikum få vera med og styra showet.